

— 8 —

ætti er : den *romanske* (italiensk, spansk, fransk o. fl.), den *græske*, den *slaviske* (russisk, polsk o. fl.), den *keltiske* (irsk, bretagnemaalet), den *armeniske*, den *ariske* (indisk (sanskrit) og persar-maalet). Alle dei folki som talar desse maali, er skyldte med kvarandre; det syner seg paa maali. Eit av dei beste merki paa folke-skyldskapen er maalskylda.

### Det norske maal si soga.

Me kann skilja millom 5 tidebil i den norske maalsoga:

1. *Den frumnordiske*\*) *tidi* (til 750 etter Kr.).
2. *Vikingtidi* (750—1000 e. Kr.)
3. *Den gamalnorske tidi* (1000—1350 e. Kr.).
4. *Den millomnorske tidi* (1350—1525 e. Kr.).
5. *Den nynorske tidi* (1525 til vaar tid).

Med aastali er det sjølvsagt at det her berre er meint u m k r i n g den og den tid som er nemnd. Me maa elles tenkja oss, at yvergangarne ikkje alle stader er komne paa same tid eller paa same maaten.

#### 1. Den frumnordiske tidi (til 750).

Enno veit ingen kor lenge nordmennerne hev vore i Norig. Dei eldste merki etter folk rekk attende til *den yngre steinalderen*. Jordfunderne fraa denne tidi (øksar, hamrar, spjotsoddar og dilikt

\*) Det gamle norske *frum-* bør me taka i bruk i staden for det tyske *ur-*; det liver enno i *frumaksen*, *frumyster* o. fl.